


## KVARTALSRAPPORT 3. KVARTAL 2020

**PROSJEKT:** Nye Førde sjukehus  
**FØRETAK:** Helse Førde HF  
**DATO:** 12.10.2020

---



*Første delprosjekt,  
Dagbygget (Nybygg for  
Psykisk Helsevern) nærmar  
seg ferdigstilling. Utsnitt frå  
innvendig gardsrom.*

## 1. Status regionale byggeprosjekt

Byggeprosjektet «Nye Førde sjukehus» har eitt pågåande delprosjekt, Dagabygget. Resten av delprosjekta er inne i ein heilskapleg samhandlingsprosess med Veidekke AS. Når heilskapen for dei framtidige delprosjekta er sikra har ein som mål å signere kontrakt med Veidekke på bygging av neste delprosjekt, som er Livabygget.


Helseføretak	Prosjektnamn	Framdrift	Risiko	Økonomi
Helse Førde HF	Dagabygget	●	●	●
Helse Førde HF	Øvrige delprosjekt	●	●	●

Dagabygget er i god rute både på økonomi, kvalitet og framdrift.

For dei andre delprosjekta, som no er inne i ein samhandlingsprosess, kan ein legge til at samhandlingsprosessen har vore vellukka med at ein i stor grad har omforma og optimalisert prosjektet. Men det har medført auka tidsbruk. Saman med klageprosessar knytt til anskaffinga har det ført til at neste byggesteg er noko forseinka i høve til dei opphavelge planane. Det er ikkje identifisert negative konsekvensar på grunn av forseinkinga, men auka samhandlingsperiode medfører auka kostnadar for samhandlingsfasen.

## 2. Framdrift

Hovudframdriftsplan for Nye Førde sjukehus vil bli revidert når nye planar tek form i samhandlingsprosessen. Det er nedanfor vist ei tidslinje som syner framdrifta vi kan sjå per no (nye namn på delprosjekta nedanfor):



Det er i samband med langtidsbudsjettet for Helse Førde gjennomført grove vurderingar på korleis ei endra framdrift vil kunne sjå ut når samhandlinga er avslutta. Denne vurderinga er nytta som basis inn i langtidsbudsjettet for Helse Førde.

## 3. Risiko

Omtale av avvik og korrigerande tiltak ved eventuelle avvik i forhold til budsjett, framdriftsplanar eller kvalitet.

Vi har i rapporteringa teke med alle personskadar som har oppstått under gjennomføring av første delprosjekt som er Dagabygget, og vi vil halde dei inne i rapporteringa til dette delprosjektet er avslutta.

Avvik og korrigerande tiltak vil i rapporteringa bli vist i tabellform som viser alle opne saker:

1	Type avvik	Prosjekt	Avvik	Tiltak	Merknad ved rapportering
5	Økonomi	Nye Førde sjukehus	Estimert kostnadsavvik i høve til ramme har auka frå 100 til 150 millionar	Heilskapsgjennomgang saman med entreprenør	Nye kontorbehov er lagt inn i prosjektet
6	HMS	Delprosjekt 1 - Dagabygget	29.10.2019: Personskade med sjukefråvære pga. snubla i splitthylse i betong. (forstuing hand/finger)	Førebygging: ny prosedyre innført: splitthylser vert alltid slått heilt ned i betong etter innboring. Alle avvik knytt til HMS/personskade vert orientert om i plenum - dagleg.	Personskade oktober 2019, som vi vil la stå i rapporteringa framover
7	HMS	Delprosjekt 1 - Dagabygget	18.11.2019: Personskade med sjukefråvære pga. tilsett sklei på glatt svill (treverk oppå ringmur). (forstuing/vridning av kne).	Førebyggande: Ingen nye tiltak innført, anna enn at ein må vere varsam når det er kaldt/glatt. Alle avvik knytt til HMS/personskade vert orientert om i plenum - dagleg.	Personskade november 2019, som vi vil la stå i rapporteringa framover
8	HMS	Delprosjekt 1 - Dagabygget	25.11.2019: Personskade med sjukefråvære pga. at tilsett fekk stillasplating (1,5-2 meter høgde) velta over på foten sin - ved flytting av denne. (forstuing/vridning av ein fot).	Førebyggande: Demontere stillas før den vert flytta. (prosedyre eksisterte frå før, men vart ikkje fulgt). Alle avvik knytt til HMS/personskade vert orientert om i plenum - dagleg.	Personskade november 2019, som vi vil la stå i rapporteringa framover
10	HMS	Delprosjekt 1 - Dagabygget	13.08.2020: Personskade med fråvær, golvboks var tildekket med papp og gardintrapp velta. Ingen alvorleg skade men fråvær.	Dekka golvboksar med treverk	Personskade i august 2020 som vi vil la stå i rapporteringa framover

Ingen nye avvik i september.

## 4. Økonomi

Oppdatert sluttprognose for fasen og totalprosjektet.

	Akkumulerte kostnader per 31.12.19	Totalbudsjett (i 2018-kroneverdi jf. styresak 136/18)	Siste prisjustering totalbudsjett (01.01.2020)	Siste oppdaterte sluttprognose (12.10.2020)	Kostnader inneverande år			
					Hitil i år	Resten av året	Estimat 2020	Budsjett 2020
Dagabygget	120 000 000	332 860 000	348 900 000	338 900 000	164 817 000	30 000 000	194 817 000	187 461 000
NFS øvrige delprosjekt	71 000 000	1 308 240 000	1 384 000 000	1 394 000 000	64 495 000	50 000 000	114 495 000	203 261 000
<b>Sum bygg</b>	<b>191 000 000</b>	<b>1 641 100 000</b>	<b>1 732 900 000</b>	<b>1 732 900 000</b>	<b>229 312 000</b>	<b>80 000 000</b>	<b>309 312 000</b>	<b>390 722 000</b>

For delprosjekt Dagabygget har vi framleis tru på at det er mogleg å spare ca. 10 millionar av reserven.

For dei andre delprosjekta er omfang og framdrift under endring i samhandlingsfasen, og vi rapporterer målsetning og langtidsbudsjett slik det har lege i planane tidlegare.

## 5. Aktivitetar

### 5.1. Hovudaktivitetar i perioden

Hovudaktivitetar og oppnådde milepålar siste kvartal:

- 50% leveranse på dokumentasjon knytt til forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) for Dagabygget
- Opning av ny parkeringsplass i tilknytning til Dagabygget
- P1 kalkyle for samhandling Livabygget og heilskapen
- Frys av planløyising i samhandlingsprosess

## 5.2. Hovudaktivitetar i neste periode

Det er i kontrakt for delprosjekt Dagabygget etablert milepålar for framdrift, som er tekne inn i oversikta. For delprosjekt Livabygget vil det framover bli etablert nye milepålar.

Milepålar som prosjektet måler mot:

Prosjekt/delprosjekt	Aktivitet	Mileple	Prognose	Merknad
Delprosjekt 1 - Dagabygget	Fysisk ferdigstilling av kontraktgjennstand	2020-12-01	2	7 dagar utsetjing pga Korona
Delprosjekt 1 - Nybygg PHV	Leveranse av FDV100%	2020-12-01	1	
Delprosjekt 1 - Dagabygget	Overtakelsesforretning	2021-02-05	1	Milepelar i kontrakt
Delprosjekt 2 - Infrastruktur og flaum	Ferdigstilling av nytt hovudforsyningsanlegg for el-kraft	2020-09-01	2	Jobbar med løysing, ikkje kritisk, koordinering mot Liva
Delprosjekt 2 - Infrastruktur	Ferdigstilling av falumvern	2021-01-01	1	Flaumvern syd er starta
Delprosjekt 3 - Livabygget	Styresak forprosjektendring	2020-05-28	2	Utsatt til november
Delprosjekt 3 - Livabygget	Kontraktgrunnlag bygging Livabygget	2020-10-14	2	Utsatt til 14. desember 2020

## 6. Andre områder

### 6.1. Brukarmedverknad, status og samarbeid

Planløysingar og arbeid med vidare utforming av detaljar, for Livabygget og Svanabygget, vart stoppa og låst den 3. juli 2020. Etter denne datoen har prosjektet arbeidd med tekniske løysingar og kalkyler på eit detaljert nivå.

Det er gjennomført møter med arkitekt for å avklare mindre justering og spissing av detaljar, men hovudgrepa ligg fast i arbeidet med kontraktgrunnlaget for Livabygget.

For Dagabygget er det starta opp dialogar og arbeid for å førebu overtaking og innflytting. Det blir planlagt ei heildagssamling for driftsorganisasjonen i Helse Førde den 4. november, for å kvalitetssikre og forankre den heilskapelege løysinga med eit Livabygg i åtte etasjar og redusert ombygging i Svanabygget.


### 6.2. Helse, miljø og sikkerheit

Status og arbeid denne perioden:

Delprosjekt Dagabygget er under bygging og er i samsvar med byggherreforskrifta. Det har i siste kvartal vore ein personskadar med fråvær. Totalt er det på Dagabygget fram til no fire personskadar med medisinsk behandling eller fråvær. Detaljar i hendingane er teke inn i tabell for avviksrapportering under kapittel 3.

Prosjektet følgjer standarden for Grønt sjukehus, og der er utarbeidd eigen miljøoppfølgingsplan i tråd med denne. Planen blir brukt i anskaffingar og er mellom anna ein del av kontraktarbeidet med totalentreprenør. Planen omhandlar tiltak og dokumentasjon, og synleggjer ansvar mellom dei ulike aktørane i prosjektet innan miljøområdet. Dette med omsyn til avfall, transport, arealbruk og forureining m.m. Entreprenør rapporterer sorteringsgrad og avfallsmengde i sin månadsrapport for Dagabygget, og gjennomfører systematisk oppfølging og utkvittering av miljøoppfølgingsplanen.

Status for sortering avfall er vist nedanfor:



### 6.3. Informasjonsarbeid

Tabellen nedanfor inneheld det som har vore hovudaktivitetar siste tida og det som på kort sikt framover er prioritert fokus:

Prosjekt/delprosjekt	Kommunikasjonsaktivitet	Mottak	Dato	Prognose	Merknad ved rapportering
Nye Førde sjukehus	Sikkerheitshandbok byggearbeid	Alle	2019-08-15	2	Arbeidet må prioriterast før oppstart bygging av Livabygget
Nye Førde sjukehus	Interninformasjon vedgåande flaumvern og parkering	Tilsette i HFD	2020-06	1	Artikkel på intranett og SoME knytt til parkeringsplassar og opparbeiding av flaumvern i perioden juni - september
Nye Førde sjukehus	Mediearbeid og -beredskap i samband med styremøtet 2. september	Alle	2020-08	1	Pressemelding, medieberedskap, interninformasjon
Nye Førde sjukehus	Fakta til artikkel Fjordabladet	Alle	2020-08	1	Artikkel om Helse Førde sitt byggeprosjekt. Journalist Anna Wuttudal
Nye Førde sjukehus	Interninformasjon og slutføring av utvikling Livabygget	Tilsette i HFD	2020-09	1	Internartikkel + publisering av informasjonsmaterieill på SharePoint
Nye Førde sjukehus	Interninformasjon med status og avsluttande prosessar	Tilsette i HFD	2020-09	1	Intern artikkel med orientering om tidslinje og prosessar for avsluttande diskusjonar i organisasjonen
Nye Førde sjukehus	Vedlikehald av medieberedskap i saka med Åsen & Øvrelid	Alle	2020-09	1	Kontinuerleg
Nye Førde sjukehus	Produksjon av film	Alle		1	Ulike oppgåver knytt til egne og andre sine videoproduksjonar
Nye Førde sjukehus	Tilrettelegging av digital WS	Tilsette i HFD	2020-11	1	Heildagsarrangement internt i organisasjonen, siste forankring og innspel til heilskapen i byggeprosjektet med eit Livabygg i 8 et.
Nye Førde sjukehus	Utvikling av prosjektet sin SharePoint	Tilsette i HFD	2020-12	1	Kontinuerleg arbeid - Ny gjennomgang og vurdering av korleis dokumentasjon kan bli endå meir tilgjengelege for organisasjonen